



Haugland-jegarane felte fem dyr allereie første dagen og her er slaktinga i gang. (Foto: Ola Matti Mathisen)

10 dagar før hjortejakta er slutt (15. november) er kvotane på god veg til å bli fylte på valda i Uskedal-området. Det har vore svært bra med hjort i år, er omkvedet som går att. Fleire var ferdige med fellingja heller tidleg i jakta.

Til dømes var dei tidleg ferdig på Haugland-valdet, som fekk ei kvote på 15 dyr etter auke med eitt på grunn av store beiteskader. Likevel var ynskjemålet langt fleire fellingsløyver. Her fekk dei ein svært god start med å fella fem dyr allereie første jaktdagen.

På Døssland-sida, der dei har rett på 21 dyr, kom dei noko seint i gang fordi det skorta på tid og det gjer det framleis. Der har dei rett på 21 dyr og det er enno ein bit att til mål. Det er ikkje noko som tyder på at det har vore mindre hjort her enn andre stader i dalen.

Valdet Kjærland, Myklebust og Rød med rett på 14 dyr var derimot også tidleg ferdig. På valdet øverst i dalen er det felt 20 av ei kvote på 21, opplyser Tore Musland til uskedalen.no. Marit Langballe opplyser at det er felt fire av ein kvote på seks dyr på Skorpo.

Med andre ord kan Uskedalen for 2007 presentera eit svært godt jaktresultat – i landets største hjortekommune. No blir det spanande om Kvinnherad vil halda førsteplassen frå i fjor. Marginen til to andre kommunar var ikkje så stor i 2006: Medan vår kommune hadde 873 felte dyr enda Hitra på andreplassen med 830 og Vindafjord på tredjeplassen med 803. Men så var det eit sprang ned til Stryn med 704, Aure med 697 og Flora med 682.

No er det over 30.000 som jaktar hjort her i landet og i fjor skaut dei 29.200 dyr – ein fellingsprosent på 70. Auken har vore formidabel..

Av Ola Matti Mathisen